

På skjermen:	I timen:
	Start med å sjå denne: Tate McRae - all my friends are fake (Official Video) - YouTube
<p>1. Kva er typiske ting som kan kjennes vanskeleg for ungdom med vennskap?</p> <p><small>Kom på så mange døme som du kan. Ver generell, vi treng ikkje namngitte døme.</small></p>	<p>Denne timen handlar om vanskar i vennskap. Det er mange måtar vennskap kan vere vanskeleg på. Jobb i grupper på 2-3:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Kva er typiske ting som kan kjennes vanskeleg for ungdom med vennskap? Kom på så mange døme som du kan. Ver generell, vi treng ikkje namngitte døme.</i> <p>Få forslag frå alle gruppene om typiske ting som kan kjennast vanskeleg med vennskap.</p>
<p>2. Klarer de å kategorisere desse eksempla og finne ei overskrift pr. kategori?</p> <p><small>Til dømes: Å vere einsam, å stole på andre, utanfor, mobbing.</small></p>	<p>Be gruppene snakke saman igjen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Klarer de å kategorisere desse eksempla og finne ei overskrift pr kategori?</i> <p>Til dømes: Å vere einsam, å stole på andre, utanfor, mobbing,</p>
	<p>Det å vere snill mot oss sjølv kan gjere det lettare å handtere vennskapsutfordringar med andre. Vi skal gjere ei lita øving saman om dette: Self-Compassion, ei øving for å vise medfølelse med seg sjølv - YouTube</p>
<p>Kva erfaringar er det ungdom ofte har med seg frå oppveksten som gjer at det kjennes vanskeleg å stole på andre?</p> <p><small>Idet du skriv døme, så skriv med døme på som gjer det trygt å identifisere konkrete personar.</small></p>	<p>Å stole på andre</p> <p>Eit av dei tema ungdom ønska å lære om i Livet&Sånn timane var korleis ein kunne stole på andre og vere ein andre kunne stole på. Det å stole på er ein verdi ungdom er svært opptekne av, men som mange synes er svært vanskeleg.</p> <p>La elevane få snakke med kvarandre litt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Kva erfaringar er det ungdom ofte har med seg frå oppveksten som gjer at det kjennes vanskeleg å stole på andre? Igjen snakk generelt og ikkje med døme som gjer det mogleg å identifisere konkrete personar.</i>
	<p>Sjå filmen Stole på andre (youtube.com)</p> <p>Etter filmen: kva kan vere gode grunnar til at folk fortel vidare noko som skulle vere hemmeleg?</p>